



Helsing frå ordføraren

Februar har gått over til mars, og i slutten av månaden ventar påskehøgtida.

Det er nok brei semje mellom folk om at vèret i 2024 så langt, ikkje har vore noko å kyte av. Det er difor me lever med eit håp om at påska skal verte fin, for det treng me verkeleg no. I påska er vèret viktig. Det er liksom ein del av det indre biletet vårt av nettopp denne høgtida. Rolege dagar heime, på støylen eller på hytta. Sjokolade, appelsinar, varm kakao, pylser på bålet, og skiturar – med sol frå blå himmel. Lat oss håpe på det beste!

Ein ventar storinnrykk av både hyttefolk og andre påsketuristar. «Heim til jol» har vorte eit mykje bruka omgrep, men det spørts om det ikkje er mest like mange som reiser «heim til påske». Det er ikkje vanskeleg å forstå. Setesdalsheiane i påskesol er noko av det beste livet har å by på.

Alle desse tilreisande bidreg til høg aktivitet i hytteområda – i langrennsløyper og alpinbakkar. I tillegg er det grunn til å tru at handelsstanda elles også har gode dagar når folketalet nær doblar seg i påskeveka.

Nettopp denne mellombelse auken i folketalet er ei årsak til at me også treng folk på vakt i påskehøgtida. Det er ikkje få som bidreg til beredskapen i dalen slik at me andre kan ha det moro, i vissa om at nokon rykkjer ut om det skulle gå gale. Nytt av året er at Norsk Folkehjelp har fått eiga avdeling i Setesdal. Me vonar dei får lite å gjere, men me er glade for at dei er der.

Til slutt vil eg ynskje alle, fastbuande og tilreisande, ei god og fredeleg påskehøgtid!

Lars Tarald Myrum
ordførar






Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER



Har du lasta ned CIVIS? Dersom ikkje, bør du gjere det no!

Kva får du GRATIS med appen Civis?

Alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Valle kommune kjem med eit PLING inn på

mobiltелефonen din. Sjølve saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna.

Civis er ein applikasjon under utvikling. Det betyr at det blir stadig fleire tenester lagt inn. Last inn appen på mobiltелефonen, vel å fylgje Valle kommune, så er du i gang! Hugs, det er gratis å laste ned og bruke Civis.

Påskemøte med hyttevev

Valle kommune inviterer hyttebuarar til påskemøte i Sæbyggjen, Valle sentrum onsdag 27. mars kl. 10—12

Dersom du har forslag til tema vi bør ta opp på møtet høyrer vi gjerne frå deg! Send ditt innspel til post@valle.kommune.no

Barseltreff i Valle

Valle helsestasjon 19. mars kl. 10-12
Monique ønskjer alle velkomen!

TEKNISK AVD. INFORMERER

Frist for innsending av søknad om produksjonstilskot er 15. mars.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Kulturmidlar

Valle kommune lyser ut kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Den totale summen som blir delt ut er kr 75 000, Søknadskriteria og søknadsskjema finn du på www.valle.kommune.no. Vi gjer merksam på at søknad **må** leverast elektronisk. **Søknadsfrist 15.mars.**

Utviklingsstipend innan idrett og kultur for ungdom

Valle kommune deler ut utviklingsstipend for ungdom i alderen 13-25, som ønskjer å satse spesielt og målretta innafor kultur eller idrett. Meir informasjon og søknadsskjema finn du på www.valle.kommune.no.

Søknadsfrist 15.mars.

Babysong/musikk frå livets begynnelse

Det faste tilbodet om babysong i Sæbyggjen går ut resten av våren, då det er få deltakarar på tilbodet.

Oppmoding frå Bygdekinoen:

Kjøp billetter på nett!

Det går framleis an å kjøpe kinobilletter i døra, men vi set stor pris på om du førehandskjøper billetter på nett. Dette gjer det mykje lettare for oss å planleggje kinokvelden, mellom anna med tanke på mengde popcorn m.m.

Billetter kan du enkelt kjøpe på www.bygdekinoen.no / Valle kultursenter, og du kan betale både med vipps og kort.

Valle kommune har minibuss til utlån!

Valle kommune har kjøpt inn ein (snart to!) 9-seters minibuss, til utlån. Bussen kan nyttast av lag og organisasjonar og privatpersonar, til samkøyring til aktivitetar og arrangement. Dette kan vere til dømes til skisenteret, kino, konsertar, ungdomsklubb og anna. I samband med samkøyring skal låntakar så langt som råd sikre at flest mogleg får tilbod om skyss. I spesielle høve kan bussen lånast ut i samband med helgeturar, turneringar og liknande. Bussen kan enkelt tingast via BookUp som du finn på heimesida.

Meir info finn du på www.valle.kommune.no, under Kultur og fritid.

VISSTE DU AT DU KAN ABONNERE PÅ BYGDENYTT?

Gi oss beskjed om du vil ha Bygdenytt tilsendt på e-post, så ordnar vi det!

Innbyggjarar i Valle kommune kan også få papirversjon levert i postkassa si.

Send bestilling til sentralbord@valle.kommune.no eller som brev til Valle kommune v/ Velkomstsenter, postboks 4, 4746 Valle.

Program for Dagsenteret i mars.

Åpningstid kl.1030-1400

Skyss og billig middag.

Ta kontakt onsdag kl 08—09 på tlf 94504448.

Ons 6.3 Sosialt samvær

Ons 13.3 Sosialt samvær

Ons 20.3. Geir Daasvatn viser bilete.

DAGSENTERET YNSKJER

ALLE EI REKTIG

GOD PÅSKE



Valle allidrettsklubb

Velkomen til samling i Vallehalli fredag 8. mars kl 19.00-22.00.

Aktiviteter i hallen, kiosksal og andakt ved Jon Aarsland.

Friviljug medlemskontingent for 2024 kr. 50,-.



Setesdal interkommunalt
politisk råd

Bli med på Driv Agder sine GRATIS kurs for gründere!

Våre kurs er skreddersydd for å gi deg den kunnskapen og støtten du trenger. La deg inspirere og ta det neste steget.

Vi har også gratis rådgivning for nyetablerere. Les mer og meld deg på: www.drivagder.no



Hele regionens etablerersenter

www.drivagder.no



Frist for innsending til Bygdenytt for APRIL er **25. MARS**. Grunna påska kjem ikkje bygdenytt ut før 5. april.

VI BED ALLE LAG, ORGANISASJONAR OG ALLE ANDRE ARRANGØRAR OM Å SENDE INFORMASJON OM ARRANGEMENT OG AKTIVITETAR TIL AKTIVITETSKALENDEREN PÅ HEIMESIDA TIL VALLE KOMMUNE.

Hugs også å sjekke kalenderen når du planlegg eit arrangement, og vis omsyn dersom datoen er «oppteken», så unngår vi kollisjonar.

Send din info til

sentralbord@valle.kommune.no

PS: Fb [Kultur i Valle](#) deler gjerne info om arrangement og aktivitetar fortløpande - send ei melding til sida!



VALLE IL INFORMERER

Innkalling til Årsmøte

Klubbhuset, Valle Stadion

Torsdag 14 mars klokka 19


Vanlege årsmøteaker

Servering

DAMETRIM

Torsdag kl. 19-20:30 dametrim i Hylestad gymsal, fram til påske.

Damer i alle alder er hjarteleg velkomne til dametrim med ei blanding av stretching, yoga og styrkeøvingar.



Tore Renberg

Valle bibliotek, Sæbyggjen

Torsdag 07.03 kl. 1900

Inngang kr. 100,-

Enkel servering



Årsmøte i Setesdal Sogelag, lansering av årsskrift og foredrag

Torsdag 14. mars på Bygland kulturscene kl. 18.00 / 19.00

Velkomen til årsmøte i Setesdal Sogelag kl. 18.00. Ordinære årsmøtesaker og matsservering. Framlegg til saker kan sendast minimum ei veke før til unnhovden@gmail.com

Kl. 19.00 – 20.15 inviterar vi (som sjølvstendig arrangement) til lansering av årsskriftet til sogelaget og foredrag av Halvor Fjermeros om Landeskogen sanatorium. Fjermeros har skriva hovudartikkelen i årsskriftet. Undertittel er «Statlig storsatsing mot «Den hvite pest»».

Vel møtt!

Setesdal Sogelag



**KVAR TORSDAG ER DET SPRÅKKAFFÉ PÅ
BIBLIOTEKET KL. 18.00– 19.30**

**DET ER ENKEL SERVERING OG ME
PRATER, SPELAR AMIGO, OG HJELPER
DEI SOM TRENG DET Å BEHERSKE**

VANLEG NORSK DAGELGTALE

INTERESSERT Å BLI MED?

BARE Å KOME!



Påskebasar

Oveinang Grendehus - Flateland

Tysdag 26. mars frå kl 10.00



Hovudgevinsten er to flotte trestolar med bord imellom, laga av «Skruvane» i Bykle.

- ◆ Bålpannebenk
- ◆ Vedsekk
- ◆ Saueskinn
- ◆ Handlaga primstav
- ◆ Kasse med lokalmat
- ◆ Produkt med fotomotiv og valleuttrykk

Loddbøker på Joker og Coop *merk med navn og tlf BANK: 2890 20 63457

-VIPPS: 662273 *Merk med: lodd, navn og tlf.nr*

Trekning kl. 18.00

Åresal heile dagen, kr. 15 pr åre. Kransekake, marsipanake, ++

Sal av suppe, potetkake, vaflar, kaffi og brus

Basar i Skafsåheii Fjellkyrkje

Skjærtorsdag kl. 1200-1600



Ta turen innom Fjellkyrkja denne dagen. Vi har mange flotte gevinstar. Du kan bruke kontantar, vippse eller bruke terminal.

Vipps: 510358

Kontonr. : 1506.03.94897

Vi har også åresal og ein liten auksjon!

Her får du slappe av og hygge deg med smørgraut, rjomegraut, pølser, kaker, kaffi og brus.

Trekking kl. 1600

Velkomen!

Arr. Fjellkyrkjelaget

Basar i Garane grendehus i Brokke

Laurdag 16.mars frå kl 12. Trekning kl 17.

Kjøp lodd på Vipps nr 593573. 10 kr pr lodd.

Hovedgevinstar er bl.a.:

3000kr gavekort COOP, 1500 kr gavekort COOP, saueskinn, småsk ved, heimelaga kransekaker.

Åresalg

Det vert suppe og eplekaker, kaffe og kaker.

OVEINANG GRENDEHUS



Oveinang grendelag har pussa opp peisestova og investert i ny sofa og nytt servise på grendehuset på Flateland!

Her kan bygdefolk, lag og organisasjonar bruke huset til arrangement, feiringar eller andre sosiale samankomstar.

Peisestove, storsal og kjøkken med mykje utstyr.

Framvisar og lydanlegg
Kapasitet: 40 personar

Kontakt info:

Åse Ingebjørg Flateland

Mobil 917 21365

E-post gravgard@gmail.com



HELSESTASJON FOR UNGDOM

ONSDAGER KL. 14-15.30

VALLE HELSESTASJON

INGEN TIMEBESTILLING

DROP-IN

HELSESTASJON FOR UNGDOM

DIGITAL

ONSDAGER KL. 14-15.30

- SKANN QR- KODEN
- SKRIV NAMNET DITT
- TRYKK PÅ «DELTA UTEN PIN-KODE»



Handarbeidskveld FOR UNGDOM

Har du lyst til å lære å
strikke, hekle eller
brodere?

Går du i 5.-10. klasse?

Då er du velkommen til
kosekveld på
husfliden i Valle
onsdag kl. 17-20

Samarbeid mellom
Setesdal Husflid og
Studieforbundet kultur
og tradisjon Valle

31. januar

14. februar

13. mars


10. april

24. april

Bare EN
runde til...



DON'T TALK
TO ME



I'M COUNTING

a day without
KNITTING
is like
JUST KIDDING
i have no
IDEA

TEMA:
BARBIE DISCO!

BYKLE OG VALLE

HOVDEN
GRENDEHUS

UKM

UKM SCENE OG KUNST FRAMSYNING

STARTAR KL 15:30

LAURDAG 9. MARS

LOKALE BARN OG UNGDOM FRÅ BYKLE OG VALLE SKAL HA
EIT FORRYKANDE SHOW I GYMSALEN PÅ HOVDEN
GRENDEHUS. ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE. DET BLIR
SERVERT KAKER OG DRIKKE I PAUSEN.

Handarbeidskveld

på
husfliden
i Valle
onsdag
kl. 18-21

24. januar

7. februar

21. februar

6. mars

20. mars

3. april

17. april

♥
velkomen
til ein
triveleg
kveld





Gode strikkevenner gjer
verda til ein bedre
stad



Kursplan våren 2024

Medlem i Valle bygdekvinneklubb, Hylestad bygdekvinneklubb, Bondelaget eller Skogelagarlaget betalar kr. 40 pr. kurstime, medan andre betalar kr. 60 pr. kurstime. For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2024.

Kurs	Innhald	Lærer	Tidspunkt og stad	Pris og påmelding
Rundtrøye 	Saume rundtrøye som er ei herrejakk som høyrer/passar til dalebuka	Laila Rysstad	Måndagar Oppstart 26. februar Hylestad soknehus	Kr. 2800/4200 + materiell 6 plassar Påmelding til Kristin Nomeland Innan 19. februar
70 timar				
Mufletiser 	Strikke eller hekle mufletiser som er pulsvarmarar som passar godt til bl.a. stakk	Karin Bøe	Måndagar 4. mars 11. mars og 18. mars Frå kl. 17.00-21.00 i Venemold	Kr. 480/720 + materiell 8 plassar Påmelding til Kristin Nomeland SNARAST
12 timar				

Det er ledig 1 plass om nokon vil hoppe på!

Påmelding til Kristin Nomeland:

Mobilnr. 99538807

E-post: nomelandkristin@gmail.com

ÅRSMØTE SETESDAL SPELEMANNSLAG



SØLVGARDEN HOTELL

15. MARS KL. 19.00

Påmelding: post@setesdalspelemannslag.no

KONSERT FOLKEMUSIKK PUB



Oversikt
2024
Folkemusikk i Setesdal

6.feb

DANSEKURS MED SÆBYGGJAN/ VEGAR VÅRDAL.
SOKNEHUSET 19.00

23.feb

FOLKEMUSIKKPUB MED GUNNAR STUBSEID, ARR.
SØLVGARDEN

1.mars

KONSERT MED JON SOLBERG OG ANDERS RØINE, KVINLOG
KULTURFORMIDLING PÅ SØLVGARDEN KL. 21.00

27.mars

FOLKEMUSIKKPUB MED HALLVARD BJØRGUM, ARR.
SØLVGARDEN

15.mars

ÅRSMØTE I SETESDAL SPELEMANNSLAG. KONSERT OG
FOLKEMUSIKKPUB, SØLVGARDEN KL. 19.00.

2.-4. aug

SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL

DANSEØVING SÆBYGGJAN, SÆBYGGJEN :
12.3, 9.4, 15.5, 4.6, 19.6 KL. 19-20.30

LEIKARING FRÅ 4 ÅR, KVAR ONSDAG KL. 17.00,
SOKNEHUSET

Valle Bruktbutikk gav 200 000kr tilbake til bygda!

Valle Bruktbutikk vart opretta for 3,5 år sidan. Butikken er driven av frivillige. Vi får brukte varer og sel dei vidare til ein rimeleg pris.

Overskot skal gå til gode initiativ for å få aktivitet i bygda.

I 2023 gikk 200 000kr til barn og ungdoms aktiviteter med fokus på bærekraft.

Vi takker alle kunder, leverandørar og frivillige!

Følg oss på Facebook og få med deg all oppdatert informasjon og bilde av dei fine varene vi sel!

Vi leiter alltid etter fleire frivillige! Har du lyst å bli med? Det er omlag ei gong i månaden på torsdag eller fredag frå kl. 16 - kl. 19.

Kom innom butikken eller send melding til Anne Lise: 99500607

Håper me sjåast!

KYRKJA I MARS

HYLESTAD KYRKJE

Gudstjeneste 10 mars kl 11:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad.

Pasjonsgudstjeneste 29. mars kl 11:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad.

VALLE KYRKJE

Høgtidsgudstjeneste 31. mars kl 11:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad.

BYKLE KYRKJE -felles gudstjeneste

Gudstjeneste i Bykle kyrkje 28.mars kl 1900 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad.

FRILUFTSGUDSTJENESTE I BROKKE

Skjærtorsdag 28. mars kl 1700 friluftsgudstjeneste med Kristina Grundekjær, organist Eirik Hodnemyr.

ANDAKT PÅ VALLE BYGDEHEIM

Onsdag 20. mars kl 11:00

PÅSKEMÅLTID med Den norske israelsmisjonen

Onsdag 6.mars kl 1800-2100 i kyrkjestoga.

Handlar om den opphavelige påskefeiringa og blir fortalt gjennom påskemåltid og historia rundt det.

BASAR I KYRKJESTOGA

Laurdag 9.mars kl 1200-1600

Trekking kl 1600.

Konfirmantane arrangerer basar til inntekt for barna i Kairos «søppelby», som er vårt misjonsprosjekt.

Sal av setesdalssuppe, eplekake, kaffi, kake og brus.

Me er takksame for gåver. Gåver kan leverast på kyrkje-kontoret i Sæbyggjen.



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

KARETREFF

Det blir karetreff i kyrkjstoga tysdag 12 mars kl 1300-1500

Vafler og kaffi blir servert.

Er det nokon av innbyggjarane i Valle som kan tenke seg til å stille som kyrkjevert av og til? Då kan du melde deg til : post@valle.kyrkja.no

**Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe
Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.**

**Kyrjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706, e-post: post@valle.kyrkja.no
Valle og Hylestad sokn
- DEN NORSKE KYRKJA**

Prost Rune Stormark kjem til Valle

Stad: Kyrkjestoga i

Sæbyggjen

Dato: 19. mars 2024

Kl: 19.00



Velkomen til foredraget: Pastoren som mistet troen og ble prest

Samtale og spørsmål etter foredraget

- * Musikalsk innslag
- * Enkel servering
- * Gratis inngong

arr:Diakoniutvalet i Valle og Hylestad

NOMELAND BEDEHUS



**Årsmøte i Valle pensjonistlag
6. mars 2024 kl. 18.00 på Sølvgården.**

Tema for kvelden er årsmøtesaker og informasjon om program vinter/vår.

Det vert utlodning og pizza til dei som kjem.

**Arne Tronsen vil kåsere om tida i Bykle og Valle.
Elise Marie Kringen vil orientere om kurstilbod.**

**Dersom nokon treng skyss kan ein ringe
97153214.**

MEDLEMSSKAP

Styret i bedehuslaget ynskjer å invitere ALLE til å teikne seg som medlem.

Økonomien i laget er i ferd med å verte stram. Vi er difor svært takksame for medlemskap eller andre økonomiske bidrag.

Medlemskontingent: kr 200,- pr. person pr. år.
Støttemedlemskap: kr 500,- pr. husstand eller enkeltperson pr. år.

Vipps nr: 689023
Bankkontonr.: 2890.20.78837

Ledige stillingar



Valle kommune

100% fast lærarstilling grunnskule, søknadsfrist 6. mars
100% fast stilling som miljørettleiar på Valle skule, søknadsfrist 10. mars
Ferievikarar i pleie og omsorg, søknadsfrist 15. mai

**Fullstendige annonser finn du på heimesida
www.valle.kommune.no**



Barnas skileik!

Bli med Bratt ung på barnas skileik i påskeferien

Barnas skileik er retta mot alle barn i aldersgruppa 1.-7 klasse i Setesdal og er fri for deltakaravgift.

Dette blir ein spennande dag med morosame aktivitetar. Du kan delta i regi av sfo, kome i lag med gode venar eller bli kjendt med nye!

Dette utstyret må du ta med: Ski, bekledding etter vert, ekstra votter dersom dei blir våte, drikkeflaske og ei lita niste i tilfelle du vert svolten før eller etter aktivitetane.

Aktivitetar: Skirebus, skihopp, snørekøyre etter snøscooter, lage snøhole og tenne opp bål.

Program 25.03. 2024

Kl. 09.50- 10.00 Velkommen til Rygnestad gard. (Rygnestadvegen 161, 4747 Valle)

Kl. 10.00-11.30 Aktivitetar foregår

Kl. 11.30 Tradisjonsmat: Setesdalssuppe

Kl.12.00-14.00 Aktivitetar foregår.

Kl. 14.00 Barna hentast på Rygnestad Gard.

Påmelding innan 10.03 til: e-post: guide@brattnorge.no Ved spesielle behov kontakt Bratt v/Åse 95747573

Måndag 11. mars




Kl. 1700 - alle. Sommerfuglen Sigurd

Sigurd er en modig og glad sommerfugl som ikke kan fly - men det holder ham ikke tilbake! Sigurd drømmer om å bli med på den store sommerfuglreisen og gjemmer seg i en plantevogn for å gjøre drømmen til virkelighet.

Sammen med vennene sine, den morsomme larven Martin og sommerfuglen Jennifer som er redd for høyder, legger de ut på et spennende eventyr. Sigurd vil bli en usannsynlig helt, men først må han møte frykten sin, omfavne sin egenart og triumfere over motgang mens han kjemper mot skiftende værforhold, mennesker og tre onde fugler som er opptatt av hevn. Men sammen kan de greie alt!


Kl. 19 – Alle. Ibelin



Gameren Mats Steen døde av en muskelsykdom bare 25 år gammel. Foreldrene hans sørget over det de trodde hadde vært et ensomt og isolert liv, da de plutselig begynte å få meldinger fra online-venner av Mats over hele verden. Filmen gjenskaper det rike livet til Mats' avatar «Ibelin» i spillverdenen, på banebrytende vis. "Ibelin" er en hybridokumentar - hvor ekte spillhendelser er rekonstruert. Alt er basert på virkelige hendelser og dialoger, hentet fra tusenvis av sider med rollespill-logger i World of Warcraft. I tillegg får vi se unike arkivopptak fra oppveksten og intervjuer med flere av vennene Mats fikk gjennom spillet. .

Måndag 25. mars

Kl. 1700 - barn. Kong Fu Panda 4



Verdens beste panda returnerer på kino for første gang siden 2016.

Kung Fu-mester Po blir bedt om å bli den nye spirituelle lederen av Valley of Peace, og må finne en ny dragekriger, samtidig som en ny fiende i form av en kameleon truer.



Kl. 1900 - 12 år. Døde menn går på ski

En narsissistisk milliardær samler en løgnaktig gjeng bestående av en mislykket forfatter, en mannssjåvinistisk psykiater, en psykotisk sladderjournalist og en kokain-sniffende Barne-TV profil til en hjemsoekt hytte for å



Feire påsken. Men det som begynner som en spennende detektivlek blir brått en farlig realitet når en av dem blir funnet halshugget på umulig vis. Fanget av en snøstorm blir de tvunget til å konfrontere hverandres mørke hemmeligheter og forsøke å avsløre morderen blant dem. Basert på Knut Nærums bestselger.

**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!**

Kva skjer?

www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/site/234594.no.html

1.3 Kl. 21	Konsert med Jon Solberg og Anders Røyine, Kvinlog kulturformidling på Sølvgården
6.3 Kl. 10.30	Sosialt samvær på dagsenteret
6.3 Kl. 18	Påskemåltid med Den norske Israelmisjonen i Kyrkjestoga
6.3 Kl. 18	Årsmøte i Valle pensjonistlag på Sølvgården
7.3 Kl. 19	Forfattarmøte med Tore Renberg på biblioteket
8.3 Kl. 19	Samling med Valle allidrettsklubb i Vallehalli
9.3 Kl. 15.30	UKM Bykle og Valle på Hovden grendehus. Scene og kunstframsyning startar kl. 15.30.
9.3 Kl. 16	Basar i Kyrkjestoga . Konfirmantane har basar til inntekt for barna i Kairos «søppelby» som er deira misjonsprosjekt.
11.3	 Bygdekinoen
12.3 Kl. 13	Karetreff i kyrkjestoga
13.30 Kl. 10.30	Sosialt samvær på dagsenteret
14.3 Kl. 18	Årsmøte i Setesdal sogelag, ansering av årsskrift og foredrag.
14.3 Kl. 19	Årsmøte i Valle idrettslag i klubbhuset på Valle stadion.
15.3 Kl. 19	Årsmøte i Setesdal spelemannslag på Sølvgården hotell.
16.3 Kl. 12	Basar i Garande grendehus i Brokke
19.3 Kl. 19	Prost Rune Stormark kjem til kyrkjestoga
20.3 Kl. 10.30	Geir Daasvatn viser bilete på dagsenteret
25.3 Kl. 09.50	Barnas skileik for alle barn i alderen 1.-7. klasse på Rygnestad gard. Ingen deltakaravgift.
25.3	 Bygdekinoen
26.3 Kl. 10	Basar i Oveinang grendehus på Flateland.
27.3	Folkemusikkpub med Hallvard Bjørgum
28.3 Kl. 12	Basar i Skafsåheii Fjellkyrkje